

**Det føreligg ei interessann og lesverdigg bok om Nordtveitbåtane, ført i pennen av Egil Hendrik Bjørlo og med Mons Nordtveit som kjelde. Dette er saga om Nordtveit Skipsbyggeri i Nordtveitgrend og som på mange måtar har hatt ei historisk utvikling lik den vi har i Uskedalen med Eidsvik skipsbyggeri.**

Verksemda tok til som dør- og vindusfabrikk i 1923. Fyrste farturet vart sjøsett i 1932 og fram til 2001 tel dei såkalla Nordtveitbåtane 83 byggenummer.

Det har alltid vore eit nært og godt samarbeid mellom Mons Nordtveit og Eidsvik i Uskedalen.

I 1988 leverte Eidsvik to skrog til Nordtveitgrend.

Det var fiskefartura FJELLMØY og SJØVÆR. I bedriftssoga kan vi lesa at skroga vart bygde hos Eidsvik, Uskedalen i Kvinnherad.

På Nordtveit var det ikkje kapasitet. Straks etter sjøsetjing vart skroga slepte til Nordtveitgrend. Overbygg, innreiing, utrustning og ferdiggjering vart gjort der.

SJØVÆR var forlenga med 2 meter før sjøsetjing. FJELLMØY vart forlenga på same måten i 2004.

Fartura var utrusta for garn- og linefiske. Dei var like av utsjånad og utstyrte med kvar sin Mitsubishi maskin.

Eigaren til FJELLMØY er Nils Myklebust og Stig Jarle Ervik ( Fjellmøy AS ) Farturet er framleis i drift for same reiar.

Det same gjeld SJØVÆR som har eigaren Øystein K. Sandøy ( Sjøvær Havfiske AS )

Geir Eidsvik fortel til uskedalen.no at han minnest godt skroga i 1988 som vart bygde for Nordtveit skipsbyggeri.

Eidsvik skipsbyggeri har over lang tid hatt eit godt samarbeid med Mons Nordtveit si verksemd.

Skipsarbeidarar frå Uskedalen har i ledige økter vore utleigd til Nordtveit.

Boka Nordtveitbåtane - ei verftskrønike er ei enkel og oversiktleg bok med mange bilete og skisser.

Otto Erslund frå Kapabel forlag har stått for tilrettelegging før trykkiing.

Teskt og foto: Kristian Olav Bringedal